



SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 16/01850-17
Saksbehandler Geir Tretterud

Uttale til revisjonsdokument frå E-CO om Holsreguleringa

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Energiutvalet	09.01.2017	1/17
2 Kommunestyret	19.01.2017	1/17

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret i Ål

Vedlegg:

1. Krav om revisjon av konsesjonsvilkår, felles krav frå Ål og Hol av oktober 1998
2. Oppdatert revisjonsdokument, utarbeidd av E-CO 2016
3. Vedlegg 1 til revisjonsdokument
4. Vedlegg 2 til revisjonsdokument
5. Høyringsuttale frå Ål kommune – søknad på utbygging av Hol1 Stolsvatn og Mjåvatn kraftverk I Hol og Ål kommunar (august 2014)

Saksopplysningar:

1. Innleiing

1.1 Krava frå kommunane

Krav til revisjon av konsesjonsvilkår:

Kommunestyra i Hol og Ål leverte i oktober 1998 krav om revisjon av konsesjonsvilkår i Holsreguleringa. (Sjå vedlegg 1.) Dvs reguleringa av Votna i Ål , Urunda og Storåne i Hol. Kravet var veldig godt underbygd med innhyra juridisk og hydrologisk hjelp.

Viser til kravsdokumentet s. 8 til 17 for nærare opplysningar om krava. Heile dokumentet er vel verdt å lese, eg vil råde lesaren til å lese dokumentet før ein les vidare i saka.

Krava i kravsdokumentet av 1998 som gjeld Ål direkte er desse:
Minstevassføring Votna: 250 l/sek på sumar. Produksjonstap: 3,32 GWh/år.

Magasinrestriksjonar:

Bergsjø: Ikkje tapping før 1 meter under høgste regulerte vasstand (HRV)- 1080,5 meter. Ikkje tapping under denne høgda før 1. oktober.

Stolsmagasinet: Frå 1. mai, alt tilsig , fråtrekt minstevassføring som er krevd i Urunda, blir nytta til oppfylling til kote 1090 (1 meter under HRV). Deretter skal tapping skje til Rødungen, når denne er fylt opp til ynskt høgde (sjå Rødungen) skal tapping skje mot Strandavatnet. Nedtapping under kote 1090 skal ikkje skje før 1. oktober.

Botnmagasin Stolsmagasinet:Det er lagt til grunn at botnmagasinet blir nytta som turrårsreserve, og ikkje til årviss nedtapping. Forutset ny konsesjonshandsaming dersom dette endrar seg.

Rødungen: Frå 10. Mai skal alt lokaltilsig og det som kan overførast frå Stolsmagasinet brukast til å fylle opp Rødungen inntil ein når 2 meter under HRV, dvs kote 1020. (Det står også til kote 1021, 1 meter under HRV. Vår oppfatning er 2 meter dempning). Ikkje tapping under kote 1020 før 1. oktober.

Krav om båtdrag til alle regulerte vatn.

1.2 Uttale ved konsesjonssøknad Hol1 Stolsvatn og Mjåvatn kraftverk:

Kommunen har uttala seg i høyringsuttale ved søknad om utbygging av Hol1 Stolsvatn og Mjåvatn kraftverk, sjå vedlegg 5, foreslår for lesaren å lese også dette dokumentet før ein går vidare. Begge desse søknadane står framleis. Me må derfor forhalde oss som om desse prosjekta blir realisert. Dette legg viktige premisser for uttalen frå kommunane. Mykje av det som E-CO legg fram i sitt oppdaterte revisjonsdokument kan bli kraftig påverka av utbygging av eit eventuelt Hol1 Stolsvatn kraftverk.

Uttala til desse søknadene er omfattande, og etter mitt syn godt grunngeve. Eg meiner me framleis må stå ved dei krava som er stilte i vår uttale. Eventuelle korrigeringar på grunn av materiale som er lagt fram no blir tatt opp under gjennomgangen av revisjonsdokumentet.

Hovudtrekka i uttala er:

- Lagt fram konkrete forslag til nye vilkår.
- Foreslått at ein eventuelt kan nytte inntil 5 % av normaltilsig på sumaren til produksjon slik at kraftverka kan stå som effektreserve for anna produksjon i kraftsystemet også om sumaren.
- At ein ikkje kan nytte botnmagasinet i Stolsvatn utan at det er ein turrårssituasjon for systemet som heilskap. Turrårssituasjonen må være definert av NVE.
- Oppfyllingsrestriksjonar i fyllingsesongen som kravd i 1998. Sjå over.
- Overvåking av situasjonen i Votna. Slipping av vatn dersom det oppstår ein kritisk situasjon med oksygen i Vatsfjorden. (Trudde me ikkje hadde krevd minstevassføring i 1998 då uttala vart utarbeidd)
- Krav om at revisjon av konsesjonsvilkår medfører EOD pris på konsesjonskraft.

1.3 Politiske føringar

Det har gått mange år sidan krava vart levert inn. Grunna politisk vegring frå nesten alle regjeringar har ein ikkje prioritert revisjons sakene. Vegringa gjekk lenge på frykt for kraftbalansen, ein ville ikkje gjere noko i vassdraga som kunne føre til mindre kraftproduksjon av frykt for situasjonen i turrår. Etter at ein har fått ein politikk i Europa, der ein prøver å fase ut fossile kraftverk gjennom mellom anna subsidiering av utsleppsfri kraftproduksjon, har argumentasjonen dreia til at ein ikkje kan miste utsleppsfri produksjon.

EU har kome med sitt vassdirektiv. I vassdirektivet blir statane pålagt å kartlegge status og lage miljømål for alle vassressursar. Arbeidet med denne kartlegginga og klarlegging av miljømål har også føringar for arbeidet med revisjonane. Det er ikkje berre målet om høg kraftproduksjon som må være gjeldande, også ein så god økologisk tilstand i vassdraga som råd utan for store kostnader er eit overordna politisk mål for EU, og som Noreg har slutta seg til.

Lenge var det ikkje klarlagt korleis NVE skulle arbeide med revisjonssakene. Dette vart klarlagt i «Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer « frå Olje og energidepartementet i 2012.

I veilederen frå OED om vilkårsrevisjon heiter det:

«Hovedformålet med revisjon av vilkår er å bedre miljøtilstanden i regulerte vassdrag ved å sette nye vilkår for å rette opp miljøskader og ulemper som har oppstått som følge av reguleringen. Dette må avveies mot formålet med konsesjonen som er kraftproduksjon.».

Kva kan ein ikkje ta opp i ein vilkårsrevisjon ? Her henta frå veiledaren:

«En revisjonssak gir ikke anledning til å forandre konsesjonens varighet, nedlegge hele anlegget, eller endre konsesjonen fra tidsubegrenset til tidsbegrenset. Bestemmelser om høyeste regulerte vannstand (HRV), laveste regulerte vannstand (LRV), overføringer m.v. er en del av konsesjonen og omfattes ikke av revisjonsadgangen. Dette følger av Ot. prop. nr. 50 (1991-92). Når det gjelder overføringer, så

kan ikke en revisjon endre på tillatelsen til selve overføringen. Restriksjoner som i praksis umuliggjør utnyttelse av hele reguleringen er heller ikke en del av revisjonsadgangen. Hvilke restriksjoner dette er, vil kunne variere fra magasin til magasin og være avhengig av tilsigsforhold, magasininstørrelse og så videre. Det vil for eksempel være lite aktuelt med restriksjoner som har som formål å sikre høy vannstand i et reguleringsmagasin på sen vinteren av hensyn til ferdsel på isen. En slik restriksjon vil i stor grad begrense muligheten for å kjøre ned magasinet før vårflommen. I tillegg til ikke å få utnyttet

magasinet og reguleringen, vil en slik restriksjon kunne føre til flomtap og økt flomfare nedover i vassdraget.

Privatrettslige forhold omfattes ikke av en vilkårsrevisjon, jf. Ot.prp. nr. 50 (1991)....

Økonomiske krav omfattes normalt heller ikke av revisjon. Det må foreligge helt spesielle hensyn før det kan være aktuelt å pålegge næringsfond og andre økonomiske vilkår i revisjonssaker. Dette gjelder også økonomisk kompensasjon for miljøulemper.»

1.4 Kommunane sine krav i vassbruksplanen for Vestre Viken

I samband med arbeidet rundt vassbruksplanen for Vestre- Viken fremma kommunane stort sett dei same krava i Holsreguleringa som vart gjort ved krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Holsutbygginga.

I tillegg har det vore ein drakamp mellom Olje og Energidepartementet og Miljødepartementet om kor høgt ein skal legge lista i vassbruksplanane for kvart delområde. Våre vassdrag høyrer til under område Vestre Viken. Planen vart godkjent av mellom anna fylkestinget i Buskerud, den er endeleg godkjent av Miljø og klimadepartementet

Det uheldige i denne prosessen var at Miljø og klimadepartementet, når dei skulle godkjenne planane, uttala at magasinrestriksjonar ikkje påverkar livet i magasinane i stor utstrekning. Dei meinte krava til magasinrestriksjonar fyrst og fremst var fremma ut frå estetiske grunnar. Eg syns denne uttala er merkeleg, mildt tala ! E-Co støttar seg på denne uttala i mykje av det dei uttalar i sitt oppdaterte revisjonsdokument.

2. E-CO sitt oppdaterte revisjonsdokument.

2.1 E-CO si tilnærming- føresetnad

E-Co har i sitt oppdaterte revisjonsdokument lagt til grunn at revisjonsinstituttet kun er en sikkerhetsventil for å bøte på uforutsette miljøkonsekvenser. I punkt 2.1, på side 12 i revisjonsdokumentet heter det :

«Hovedformålet med revisjon er nettopp å kunne iverksette miljøforbedrende tiltak for å bøte på skader og ulemper av miljømessig karakter som ikke ble vurdert på konsesjonstidspunktet, eller hvor forholdene har utviklet seg annerledes enn man forutsatte da konsesjonen ble gitt. Miljømessige konsekvenser som var kjent da konsesjonen ble gitt, er det i utgangspunktet ikke aktuelt å korrigere ved revisjon.»

Dette er ei urett framstilling av revisjonsinstituttet sitt formål og funksjon. Formålet med revisjonsinstituttet er kort og godt å oppdatere konsesjonsvilkåra til dagens standard. Behovet for slik oppdatering eller modernisering av konsesjonsvilkåra kan skuldast ei rekke høve, både kva gjeld den faktiske utviklinga og nye standardar og ny lovgivning knytta til kva som er akseptabel miljøskade. I forbindelse med ei lovendring i 1992 uttala Stortinget dette om formålet:

«Behovet for en slik revisjonsadgang for konsesjonsvilkårene begrunnes i den utvikling som skjer innenfor dette området. Dette kan dreie seg om forholdet til naturforholdene på stedet, eller forholdet til ny lovgivning. Andre momenter som frembringer et behov for justering av konsesjonsvilkårene kan være endrede samfunnsforhold, nye skader og ulemper på grunn av langtidsvirkninger av reguleringen, hydrologiske eller økologiske forhold, økonomiske forhold o.s.v.»

E-Co si vurdering er også eit heilt anna utgangspunkt enn det som kommunane la til grunn då kravet vart stilt, der det blir vist til NVE sitt brev av 7. Januar 1998 til Lyse kraft ved revisjon av konsesjonsvilkår i Årdalsvassdraget : *« Formålet med en vilkårsendring er i første rekke å modernisere vilkårene, dvs endre de slik at de er mere i samsvar med dagens standard, spesielt med hensyn til miljø.»*

E-CO sitt utgangspunkt er derfor vesensforskjellig frå det som i følgje Stortinget og NVE er formålet med revisjonsinstituttet, og som kommunane la til grunn då kravet om revisjon vart fremma. Mens E-CO hevder at dei vilkåra som vart sett når konsesjonen vart gitt må gjelde også i framtida, dersom det ikkje har kome nye forhold til som ein ikkje vurdete på konsesjonstidspunktet, forutset Storting, NVE og også OED sin veileder, at ein kan modernisere alle vilkår opp til dagens standard. Vurderinga er derfor langt breiare enn det E-CO gir uttrykk for, og gjeld åpenbart også forhold som var kjent på konsesjonstidspunktet, men som ikkje kan aksepteres ut frå dagens miljøkrav.

E-CO si tolking, som dei brukar til å avvise om lag alle krav som kommunane har stilt, er dermed heilt klart feil. Eg meiner derfor at det kommunen ikkje må la seg stoppe av E-CO si feilaktige tolking av regelverket, men tvert i mot fortsette å argumentere for våre fremma krav og standpunkt i denne saka.

2.2 Nærare om E-CO sine utgreiingar

2.2.1 Begroing – forurensing – sjå nærare under punktet om me skal krevje minstevassføring i Votna.

2.2.2 Fisk og fiske.

I regulerte elvar utan minstevassføring er det sjølv sagt at tilhøva er forringa i høve til før reguleringa.. Også i strekningar med minstevassføring er situasjonen kraftig forringa i høve til naturtilstanden

E-co har lagt fram undersøkingar som seier at situasjonen når det gjeld fisk og fiske i dei regulerte vatna, samt elvar som er påverka er god (s. 26- 27 i oppdatert revisjonsdokument).

Dette stemmer til dels med dagens køyring av magasina. Samanlikna med opprinnelege tilhøve i magasina kan det ikkje være tvil om at fiske i vatna er forringa. Næringsgrunnlaget for fisken har gått ned, og på grunn av at fisken har fått mindre moglegheiter til sjølv å formeire seg har ein måtta sete ut fisk. Med denne utsetting av yngel har det fylgd med ørekyte som har forringa fiske . Alt dette har forringa situasjonen i høve til ein naturleg tilstand. Men gitt at me pratar om regulerte vassmagasin er situasjonen sikkert nokolunde tilfredstillande som E-CO skriv. Spørsmålet er om det vil være slik også i framtida dersom ein ikkje får laga reglar for køyring av magasina.

Konsesjonssøknad om Hol1 Stolsvatn er til handsaming, og kraftsystemet er under endring med meir uregulert produksjon som kan gjere det rekningsvarande å utnytte magasina hardare på sumaren.. Eit nytt Hol1 Stolsvatn har potensiale til å bruke Stolsmagasinet på ein heilt annan måte med hardare nedtapping som gir seinare oppfylling som resultat. Dagens situasjon seier derfor lite om framtidig situasjon dersom Hol1 Stolsvatn blir bygd, og også dersom det blir rekningsvarande å køyre magasina hardare på sumaren på grunn av meir uregulert produksjon inn i kraftsystemet.. Eg meiner me må sikre vilkår som gjer at ein har god økølogi i vassdraget også dersom Hol1 Stolsvatn blir bygd. Eg vil vise til Ål kommune si høyringsuttale om Hol1 Stolsvatn på dette punkt.

2.2.3 Konsekvens for fleksibilitet

E-CO viser til at Holsreguleringa har ei viktig rolle som utfyllande produsent til vind, sol og uregulert vasskraftproduksjon. Kraftverka er kvalifisert til å delta med alle typer regulering av kraftproduksjon frå time, via minutt ned til sekundnivå. Eg ser at dette er ei viktig rolle som denne type kraftverk har i kraftsystemet framover, r i ei verd der meir og meir kraftproduksjon blir lite regulierbar og tildels varierar på ein måte som er lite forutsigbar. Som vist i vår høyringsuttale for Hol1 Stolsvatn meiner eg at ei løysing der produsenten får køyre ein mindre del av normaltilsiget (5%) i fyllingssesongen vil kunne ivareta denne rolla. Kravet må utformast slik at at magasina ikkje kan køyrast ned i oppfyllingssesongen. Då vil ein få stigande eller flat vasstand i oppfyllingssesongen. Dette er viktig for fisken og faunaen elles i magasinet.

Eg meiner også at kravet til å ikkje tappe magasina etter 1 Mai bør justerast noko. Ein kan oppleve kalde vingar i Mai. Eg meiner derfor at kravet bør utsettast til 15. Mai. Då kjem ein E-CO / samfunnet i møte på fleksibilitet i ei vårknipe.

E-CO har gjort eit poeng av at dersom magasina blir fylt opp for tidleg så går kraftverket over til å bli eit meir uregulert kraftverk, slik at ein ikkje lengre kan stå i beredskap for å yte ekstra produksjon til kraftsystemet på kort varsel. Eg meiner at dette er ein diskusjon om kor stor flomdemping/fribord det skal være i magasina. Dersom dempinga er stor nok til å takle flomsituasjonar bør det ikkje være noko stort problem at noko av effekten i kraftverket står som reserve. Det er såpass stor effekt

installert, eller søkt installert gjennom Hol1 Stolsvatn prosjektet, at dette ikkje bør være noko problem. Viser til punktet om flomdemping/fribord for meir om dette.

2.2.4 Utnytting av magasina i ein turrårssituasjon

E-Co har i sin rapport lagt stor vekt på simuleringar (Vedlegg 5b. i revisjonsdokumentet) som viser at med kommunens krav til magasinifylling og minstevassføring blir det i høve til dagens situasjon:

1. Større flomtap
2. Større sommarproduksjon
3. Mindre vinterproduksjon.
4. Ikkje nedtapping av Strandavatn og botnmagasin i Stolsmagasinet i turrår

Har gått dette dokumentet noko meir etter i saumane. Bidragsyterar til endringane synest å være:

1. Det er avgrensa effektkapasitet i Hol1 Urunda, det medfører at ein ikkje klarer å tømme Strandavatnet (fleirårsmagasin) i eit turrår berre med vinterkøyring. (Berre vinterkøyring er konsekvensen av kommunane sitt magasinifyllingskrav i eit turrår). Når ein ikkje kjem ned i Strandavatnet vil ein heller ikkje ha insitament til å overføre vatn frå botnmagasinet i Stolsvatn til Strandavatn for produksjon neste (turr)år. Botnmagasinet i Stolsvatn vil derfor ikkje bli overført til Strandavatnet og køyrt ut neste vinter, men heller køyrd ut som sommarproduksjon i Hol1 Votna, der det er høgare fall og ein får meir energi frå vatnet. I sum fører denne verknaden til høgare sommarproduksjon og mindre vinterproduksjon i turrår. Det fører til at magasina i Strandavatnet og i botnmagasinet i Stolsvatn blir dårleg/ikkje utnytta og kan derfor forklare noko større flomtap. Særleg for Strandavatn ser ein at ein har lange periodar med fullt vatn og flomtap som verknad. Dette er ein ikkje tilsikta verknad av kommunane sine krav om høg sommarvasstand. Som skrivi over skuldast det i stor grad at ein ikkje greier å tømme Strandavatn i løpet av ein vinter, men at ein må ha ein lengre tappesesong for å nytte magasinet i eit turrår.

Dette er ein verknad som NVE truleg ikkje vil godta, då ein i praksis ikkje vil kunne nytte nederste del av magasinet i Strandavatnet og botnmagasinet i Stolsvatn. (Dersom det var lagt inn tvungen styrekurve for utnytting av Strandavatn og Stolsvatn vil dei også kunne virke på same måte, men det er mindre truleg at dette er gjort i simuleringane)

2. Kravet til minstevassføring i Hallingdalselva frå Strandafjorden til Nes på 10 m³/sek om sumaren fører til at det må tappast regulert vatn enten frå Hol eller Ustareguleringa når kravet ikkje kan dekkast inn med uregulert tilsig inn i Strandafjorden. . Når ein krev at alt tilsig til Holsreguleringa skal nyttast til fylling av magasin på forsumaren (fråtrekt minstevassføringar) fører det til at vatnet må hentast frå Usta på forsumaren for å dekke minstevassføring frå Ål.. Dette kan være noko av grunnen til at ein får noko større sommarproduksjon i Usta. E-CO opplyser at vanlegvis er uregulert tilsig inn i Strandafjorden nok til å dekke opp minstevassføring på strekninga frå Ål til Gol. Men ein kan få denne verknaden i turre år. Dersom ein tillet produksjon i Hol1 Urunda på sumaren i turre år, som vist under punkt 1, vil denne dreininga bli mindre. I samband med revisjon av konsesjonsvilkår for Uste-Nes vil det bli kravd minstevassføring i Ustedalen. Denne minstevassføringa vil også medføre mindre behov for regulert vatn til å dekke minstevassføringa frå Ål.

3. Overføringstunellen til Nes kraftverk er trong. Mindre produksjon på forsumaren fører til større produksjon på seinsumaren etter at ein har nådd fyllingskrava i Holsreguleringa. Det vil si større vassføring på ettersumaren i tunnellen. Dette har som konsekvens større falltap på sumarproduksjonen i Nes kraftverk totalt sett. (– forklarar ikkje meir produksjon i Nes kraftverk om sumaren)

Kan endringar/justering av kommunane sine magasinkrav endre på desse utilsikta verknadane ?

Dersom ein tillet noko tapping av Strandavatn i fyllingssesongen skulle mange av dei verknadene som er omtala i punkt 1 kunne unngåast. Det kan gjerast på to ulike måtar:

A.:

Setje oppfyllingskravet såpass lågt at ein når det tidleg i fyllingssesongen, og at ein på den måten får lang nok tappesong til å tømme magasinet i eit turrår. Må truleg være temmeleg langt nede i magasinet, i praksis vil ein nå grensa tidleg dei fleste år.. Eg ser på dette som ei dårleg løysing.

B:

Setje vilkår som seier at oppfyllingsvilkår ikkje gjeld dersom ein har ein definert turrårssituasjon i kraftsystemet. Eksempel på eit slikt vilkår kan være avvik i hydrologisk balanse i Statnett sitt prisområde der kraftverket ligg , eller for heile Norden som heilskap. Dersom slike vilkår blir vanleg kan ein tenke seg at vilkåret for når det er ein definert turrårssituasjon i kraftsystemet kan standardiserast og nyttast for fleire reguleringar. Dette er truleg ein betre måte å setje restriksjonen på. Då vil oppfyllingskravet vanlegvis være gjeldande og ein får oppfylt intensjonen i kommunane sitt krav samstundes som ein ivaretek samfunnet sitt behov for tilgang til vatnet i ein pressa turrårssituasjon på sumaren.

(Dei fleste kraftverk med fleirårsmagasin har som rolle å ta over produksjonen på somaren/hausten i eit turrår slik at kraftverk med mindre magasin, men med høgare effekt kan spare vatnet sitt til bruk på dei kaldaste vinterdagane. Turrårskraftverka har derfor normalt relativt liten effektkapasitet, dei er konstruert for å køyre ut energien i eit stort magasin over relativt lang tid.)

For Hol1Votna – Det vil si Stolsmagasinet og Rødungen ser eg ikkje at problemet med å greie å tappe ned magasinet i løpet av vintersesongen i eit turrår er like stort. Her tappar ein jo ned magasinet nesten kvart år, bortsett frå botnmagasinet i Stolsmagasinet. For å kome regulanten i møte burde det likevel ikkje være noko problem å seie at ein kan tappe i frå Stolsmagasinet i oppfyllingssesongen dersom ein erklært turrårssituasjon av NVE gjeld. Då vil ikkje oppfyllingsvilkåret være gjeldande, og regulanten har fått den fleksibiliteten han etterspør.

Når det gjeld verknad 2 (tapping for å oppfylle minstevassføring frå Ål), vil det at produsenten kan nytte inntil 5 % av tilsiget til sommarproduksjon for å stå som reserve avhjelpe denne situasjonen noko. Sjå punkt om fleksibilitet.

Verknad 3, trong tunell til Nes kraftverk på seinsumar med meir køyring som fører til auka falltap, er det vanskeleg å kome vekk frå, men noko meir sommarkøyning tidleg i sesongen vil hjelpe på denne restriksjonen også. .

2.2.5 Flomdemping/fribord

I E-CO si simulering av kommunane sitt krav ser ein at det særleg er tilsigsalternativ 2007 som gir høgare flomtap.

E-Co har omtala dette tilsigsalternativet. Flomsituasjonen kom i Juli i ein situasjon med stort snømagasin, omslag til varmt vær og ekstremt mykje regn.

Om den faktiske situasjonen i 2007 skriv E-CO:

- *Sommerflommen 2007*: Den 4. juli kulminerte vannføringen på 100 m³/s ved Rud og på 816 m³/s ved Bergheim dagen etter. Det ble noe skade på vei i Votndalen samt erosjonsskader noen steder. **De fleste magasinene var relativt fulle 1. juli, men utnyttelse av bufferkapasiteten som fantes og muligheten til å la noen magasiner gå over HRV dempet flommen en del, spesielt i nedre deler av vassdraget.**» (Å gå over høgste regulerte vasstand (HRV) blir ikkje simulert, min merkn.)

Det vil si at sjølv med dagens praksis, utan restriksjonar på magasin oppfylling har ein opplevd anstrengte situasjonar. Med framtidens klimaendringar kan ein vente seg eit villare klima.

E-Co har simulert med eit fribord på 1 meter under HRV i Stolsvatn, Strandavatn og Rødungen som kommunane sitt krav.. I kommunane sine krav frå 1998 er det kravd både 1 og 2 meter fribord på Rødungen. Dei har lagt det strengaste kravet til oppfylling til grunn.

Eg meiner at me burde kunne tillate ei flomdemping på 1,5 meter i Stolsvatn og 3 meter i Strandavatn. Det vil si at ein endrar oppfyllingskravet til å gjelde 1,5 meter under HRV i Stolsvatn, 3 meter under i Strandavatn, men held det uendra på 2 meter i Rødungen

Kanskje bør ein sjå på om 3 meter dempning i Strandavatn er tilstrekkeleg. I dei simuleringane som er gjort får ein eit stort flomtap med 1 meter dempning. Om 3 meter dempning er tilstrekkeleg for Strandavatn vil ei ny simulering kunne kartleggje.

Grunnen til stort fribord (3 meter) i Strandavatn er relativt liten effektkapasitet i Hol1 Urunda. Då treng ein eit stort fribord for å unngå flomtap.

Grunnen til 1,5 meter i Stolsvatn er at dette er det største magasinet på Votna sida. Me har allereide strekt oss til 2 meter i Rødungen, og dersom ein skal auke flomdempinga på Votna sida vil det ha størst verknad i Stolsvassmagasinet.

Det ein vil tape på å senke kravet til oppfylling vil være noko visuelt og noko vekst av botndyr i magasinet som kan påverke fisket. Likevel meiner eg at å kome E-CO i møte med ei slik endring vil fjerne innvendingane om auka flomfare. Det er viktigare å oppretthalde kravet om rask oppfylling enn å oppretthalde oppfyllingskravet av dei siste metrane på toppen i magasina.

Eg meiner at med desse endringane (5% av normaltilsiget til sommarproduksjon, tillate meir tapping på sumaren i turrår, og større fribord/flomdemping) vil ein imøtegå E-CO sine innvendingar til kommunane sine krav, samstundes som intensjonen i kommunane sine krav står ved lag. Ein vil framleis få til relativt rask oppfylling av magasina i normalår og våtår. Så må ein heller godta at storsamfunnet sine behov må gå føre i definerte turrår og at ein avgrensa del av sommartilsiget normalt kan nyttast til å yte reservetenester til kraftsystemet. Hensynet til flomdemping bør også være godt nok ivaretatt.

Bergsjø: Bruken av Bergsjø har forandra seg mykje sidan 1998. Bergsjø er eit lite tilleggsmagasin som renn ut til Rødungen. Det er raskt å tappe vatnet ned til Rødungen. Sidan 1998 har Bergsjø utvikla seg til å bli eit svært mykje nytta område for kiting og bruk som skøyteområde. Det blir halde kurs om lag kvar helg heile ettervinteren. Kommunen meiner det er svært viktig at ein ventar med tapping av Bergsjø så lenge som mogleg for å ha eit mest mogleg stabilt isdekke. Det er også viktig at ein ikkje tappar ned Bergsjø før etter påske på grunn av grunne kloakkleidingar som ligg i magasinet. Om vatnet ligg i Bergsjø eller i Rødungen på ettervinteren burde ha mindre å si. Kravet om oppfylling Bergsjø står fast frå kravet i 1998.

2.2.6. Minstevassføring i Votna:

I krav om revisjon av konsesjonsvilkår av oktober 1998 er det sett fram krav om minstevassføring i Votna frå Bergsjø i det tilfelle det let seg tappe der, og frå Varaldset elles. Kravet er på 250 l/s om sommaren.

E-co skriv under punkt 4.2.1 at: «E-CO oppfatter ikkje begroing som et problem i vassdraget i dag.» Dei viser til ein kommentar i vassplan for Vest-Viken der det står at «Gjengroing og forurensing er også et problem i Votna...» E-CO mener det ikkje finnes holdepunkter eller faktaunderlag for påstanden.»

Her vil me vise til undersøkingar som er gjort i Votna. Viser til vårt høyringssvar når det gjeld søknad om konsesjon for Hol1 Stolsvatn.

Her er det vist til vedlegg 7, rapport av 06.03.2014 ;«Overvåking av lokale vassdrag i Ål – vannovervåking Votna 2012 og 2013».

Frå denne er det henta denne tabellen (tabell 3 i rapporten):

Tabell3 Årsgjennomsnitt (2012 og 2013) for TotP, Løst fosfat (PO4), TotN, turbiditet, alkalitet, og TOC samt laveste verdi for pH fra prøvepunkter i Votna i 2012 og 2013. Økologisk tilstand er klassifisert etter Veileder 01:2009 Klassifisering av miljøtilstand i vann. Stasjon 12 Løkbekken ble flyttet i 2013; nå 13 Løkbekken. Klassifisering av økologisk tilstand

Prøvepunkt	Vanntyp e IC type	Total Fosfor µg P/l	Løst fosfor µg/l	Nitrogen µg P/l	Turbidite t ftu	pH	Alkalitet mmol/l	TOC mg/l	klassifisering tilstand
Storåne	RN5	35,5	13,8	213,8	0,4	7,1	0,2	3,3	Dårlig
18 Bru Skarsli a	RN5	0,0	3,4	173,5	0,2	7,0	0,2	3,6	Moderat
17 Bru 800m ns Skarsli a	RN5	8,5	3,6	195,4	0,2	7,0	0,2	3,3	God
16 Inn Vatsfjo rden	RN5	7,4	3,0	246,7	0,2	7,2	0,2	3,8	Moderat
15 Ut	RN5	7,3	2,5	176,0	0,5	6,9	0,1	3,7	Moderat

Vatsfjorden										at
14	RN7	5,8	2,5	93,1	0,3	6,9	0,1	2,5		God
Hesteåne										
13	RN5	7,7	3,0	167,1	0,4	7,0	0,2	3,2		God
Leveld kyrkje										
12	RN5	11,5	8,2	257,5	0,4	7,1	0,2	5,2		Moderat
Løkbekken										
13	RN5	9,3	2,1	217,5	0,4	6,9	0,2	6,2		Moderat
Løkbekken										
11 Bru ved laftehall	RN5	11,5	4,8	260,7	0,3	7,2	0,2	3,4		Moderat

Tabell 1. Oversikt over gjennomsnittsførhold ved ulike målepunkt i Votna, rapport frå Rambøll.

Som ein ser av tabellen er tilstanden moderat til dårleg ved fleire målepunkt. Det vil si at vassdraget ikkje tåler meir utslepp. Samstundes er dette det området i kommunen med størst potensiale som reiselivsdestinasjon. Det ligg fleire reiselivsbedrifter i området, det er det området som ligg høgast over havet i kommunen, det er utbygd alpinanlegg i regionen m.m.

På side 29 i rapporten står det:

«Ved å benytte gjennomsnittlig konsentrasjon for fosfor for et prøvepunktet nederst i Votna, «bru ved laftehall», viser beregningene at avlastningsbehovet for Votna er 44 kg fosfor i året (vedlegg 1). I teorien må en da fjerne tilførsler av 44 kg fosfor i året i nedbørsfeltet til Votna for at miljømålet om god økologisk tilstand skal nås».

Me meiner at det er dokumentert med dette at Votna er på/over bærepunktet som resipient.

Kva verknad vil oppretthalding av kravet om 250 l/sek i minstevassføring i Votna få for sjølvrensinga i Votna ?

Som vist i rapporten over er gjennomsnittleg vassføring over året nedst i Votna 2800 l/sek. Det vil si at for tynninga av fosfor nedst i Votna betyr 250 l/sek ekstra vatn på sumaren mindre. Inn i Vatsfjorden er situasjonen derimot ein annan. Her vil 250 l/sek kunne ha stor verknad på livet i elva før Vatsfjorden, og i sjølve Vatsfjorden. Den store skrekken er ein situasjon der Vatsfjorden går tom for oksygen og ein får anarobe forhold i fjorden.

Eit fast slipp på 250 liter pr sek vil kunne bety mykje for situasjonen i elva inn til Vatsfjorden og sjølve Vatsfjorden. Alternativet er ei overvaking av tilstanden for strekningen og slipp av vatn når det er behov for meir oksygenrikt vatn slik som skildra ved kommunen sin uttale til konsesjonssøknad på Hol1 Stolsvatn kraftverk.

Grunngjevinga for dette kravet er tilstanden på vatnet inn i Vatsfjorden.. Eg meiner eit slikt lite krav vil bidra til eit godt vatnmiljø i Vatsfjorden og gjer eit litt betre miljø i Votna elles. Kravet er likevel ikkje stort nok til å rette opp i dei ulemper som overføringa av vatnet til Hol har ført med seg for Votna lengre ned i vassdraget med avgrensingar for jordbruk, turisme og tap av vassføring elles. Eg meiner derfor at kravet derfor ikkje endrar grunnlaget for «Votnakraft», som ligg i dagens konsesjonsreglar. Eg meiner at det i utgreiinga er vist at det er behov for minstevassføringa og at kostnaden ved tap av 3,2 GWh produksjon ikkje er tungtvegande nok til å nekte minstevassføringa eller å endre konsesjonsreglar om Votnakraft.

2.2.7 Båtdrag

Kommunane har krevd båtdrag i alle regulerte vatn i krava frå 1998. E-CO har avvist kravet som privatrettsleg i revisjonsdokumentet, og derfor må avvisast. Eg meiner det kan argumenterast for at det å få båtdrag gjer dei regulerte vatna meir tilgjengeleg også for ålmenta, og at det burde gjere det meir attraktivt for grunneigerane å legge til rette for fiskekortsal med meir dersom det er enklare å kome ut på vatna i båt. Eg meiner derfor krava om båtdrag i Rødungen og Stolsvassmagasinet må stå ved lag.

3. Forslag til konsesjonsvilkår:

Me har i høyringssvar på Hol1 Stolsvatn kome med forslag til konsesjonsvilkår. Med dei foreslåtte endringane som er gjort over, blir forslaga endra til dette:

Stolsvassmagasinet:

Vilkår for å nytte botnmagasin:

Utan Hol1 Stolsvatn:

» Normalt skal ikkje botnmagasinet under kote 1085,6 tappast. Ved ei magasinifylling for Sør-Noreg som heilskap under 40 % pr 1. mars kan dette botnmagasinet likevel nyttast.» (40 % er berre eit eksempel på ei magasinifylling for Sør-Noreg som heilheit som definerer eit turrår, den eksakte prosent er det opp til NVE å stille.)

Med Hol1 Stolsvatn prosjektet:

«Normalt skal ikkje eit botnmagasin på 30 mill. m³ i Stolsvatn og 5 mill. m³ i Mjåvatn/Frosen/Olsenvatn nyttas. Det vil si at det normalt ikkje skal tappast under kote 1082,5 meter for Stolsvatn og kote 1085,6 meter for Mjåvatn/Frosen/Olsenvatn. Ved ei magasinifylling for Sør-Noreg som heilskap under 40 % pr. 1. Mars kan dette botnmagasinet likevel nyttast

Vilkår for fylling i fyllingssesongen: **« I fyllingssesongen mellom 15. Mai og inntil magasinet har nådd kote 1090 kan inntil 5 % av normaltilsiget i perioden nyttast til produksjon, reisten skal nyttast til å fylle magasinet så hurtig som mogleg opp til kote 1090 (1 meter under HRV). Når kote 1090 er nådd skal tilsiget nyttast til fyrst å fylle opp Rødungen, deretter Strandavatn . Ein skal ikkje tappe under kote 1090 før tappesongen startar 1. november (01.11). Ein tillet ikkje nedtapping i fyllingssesongen.**

Ved ein turrårssituasjon for totalsystemet definert av NVE gjeld ikkje oppfyllingskravet, då kan tilsiget i fyllingssesongen nyttast fritt.»

Rødungen nord

Vilkår for å nytte botnmagasin: « ***Ved bygging av Hol1 Stolsvatn kraftverk vil fylgjande restriksjon bli gjeldande: Normalt skal ikkje botnmagasinet mellom kote 1003 og kote 999 nyttast. Det kan likevel etter søknad til NVE vurderast nytta dersom magasinbefylling for Sør Noreg som heilskap er under 40 % pr. 1. mars. Dersom Hol1 Stolsvatn ikkje blir bygd, er ikkje denne restriksjonen gjeldande.***»

Grunnen til at det foreslått ei meir rigid ordning her enn for Stolsvatn er at E-CO vannkraft sjølv i sine simuleringar ikkje har kome under kote 1003, sjølv i eit turrår. E-CO har med andre ord ikkje lagt til grunn utnytting av dette botnmagasinet sjølv i eit turrår.

Vilkår for fylling i fyllingssesongen:

«Frå 15. mai skal ikkje meir enn 5 % av tilsiget til Varaldset og Rødungen, samt det tilsiget til Stolsvatn som opprinneleg rann til Votna, nyttast til produksjon i Hol1 Votna. Reisten skal nyttast til å fyllje Rødungen, deretter Strandavatn. Det skal ikkje brukast meir enn 5 % av tilsiget til produksjon i Hol1 Votna før ein har nådd kote 1020 i denne perioda. Unntak er dersom lokaltilsiget til Varaldset er større enn pumpekapasiteten opp til Rødungen, då kan ein nytte overskytande tilsig til produksjon. Eller ein må tappe til Votna på grunn av minstevassføringspålegg. Ein skal ikkje tappe under kote 1020 før 01.10. Ein tillet ikkje nedtapping av magasinet i fyllingsperioden.

Ved ein av NVE definert turrårs situasjon gjeld ikkje fyllings/tapperestriksjonane over.».

Strandavatn:

«Bortsett i frå ved ein definert turrårssituasjon skal alt tilsig, minus 5 % og pålagte minstevassføringar, samt overført vatn frå Stolsvatn nyttast til å fyllje magasinet frå 15. Mai inntil ein er 3 meter under høgste regulerte vasstand, dvs kote 975. Ein tillet ikkje nedtapping av magasinet i fyllingsperioden.

Ein skal ikkje tappe under kote 975 før etter 01.10.

Ved ein av NVE definert turrårs situasjon gjeld ikkje fyllings/tapperestriksjonane over.».

Bergsjø:

«Bortsett i frå ved ein definert turrårssituasjon skal alt tilsig, minus 5 % og pålagte minstevassføringar, samt overført vatn frå Stolsvatn nyttast til å fyllje magasinet frå 15. Mai inntil ein er 1,5 meter under høgste regulerte vasstand, dvs kote 1080,0. Ein tillet ikkje nedtapping av magasinet i fyllingsperioden.

Det må ikkje tappast før 01.10.

I tappeperioden om vinteren skal Bergsjø ikkje tappast under kote 1074 før tredje påskedag.

Effektrestriksjon

Ein siste restriksjon som E-Co har lagt til grunn i sine vurderingar gjeld effekt. Dei har lagt til grunn at ein ikkje skal køyre meir vatn gjennom systemet enn at kombinasjonen av bufferevne i Hovsfjorden og slukeevna i Hol2 (Djupedalen) og Hol3 (Kleivi) tillet av køyring. Dette er utgangspunktet for at det ikkje er funne store endra verknader med auka frostrøyk

og forholda for livet i elva. Forslag til vilkår:

«Effektkøyring i i Hol1 Stolsvatn, Hol1 Urunda og Hol1 Votna skal ikkje skje på ein måte som fører til forbitapping forbi Hol2 (Djupedalen) og Hol3 (Kleivi), unntaket er dersom det er vedlikehaldsarbeid i Hol2 (Djupedalen) eller Hol3 (Kleivi) slik at slukeevna der ikkje er tilgjengeleg, eller at det er flaumsituasjonar i elva som gjer at ein må tappe forbi av flaumforebyggande årsakar. Ved flaumsituasjonar skal dette loggførast slik at det kan etterprøvast.»

4. Konesjonskraft:

I Holsreguleringa er det i dag to praksisar når det gjeld konesjonskraftpris. Ål Kommune betalar individuell sjølvkost, medan Hol kommune betalar gjennomsnittskostand i representative kraftverk, den såkalla OED prisen. Eg meiner at Ål Kommune også bør betale OED pris. Det er urettferdig at Ål skal betale meir enn nabokommunen for naturalyting frå den same reguleringa.

Ål Kommune viser til høyringsuttale om Hol1 Stolsvatn om konesjonskraft. I denne heiter det: «Ved revisjon av konesjonsvilkåra skal det fastsettast vilkår om konesjonskraft slik reglane er på revisjonstidspunktet, jf. St.prp. nr 69 (1997-98). Det fører til at konesjonskraftprisen både for den konesjonskrafta Ål kommune tar ut i dag og eventuell ny konesjonskraft ved utbygging av Hol1 Stolsvatn, skal fastsettast til OED-pris.»

Me meiner framleis det same om dette, og meiner at prisen på konesjonskraft må fastsettast til same pris som konesjonar som har konesjon gitt etter 1959, til OED-pris.

Grunngjevinga for dette er todelt.

Me meiner det kan stillast krav om OED pris ved revidering av konesjonsvilkår, generelt sett. LVK har lenge argumentert for at det er anledning til å krevje OED-pris på konesjonskraft som del av en vilkårsrevisjon, mens Olje- og energidepartementet har argumentert mot ein slik generell adgang. Den nyaste saka der temaet har vore oppe er saka om revisjon av deler av Skjerkareguleringa i Mandalsvassdraget. I sitt brev av 30. mars 2015 til advokatfirmaet Lund & Co omtaler departementet sine retningslinjer for saksbehandling av revisjonssaker av 12. mai 2012 slik: «I saker som kun omfatter vilkårsrevisjon, fremgår av vedtatte retningslinjer at departementet ikke endrer de økonomiske vilkår, herunder vilkår om konesjonsavgifter og konesjonskraft.» Etter vårt syn er dette ei for snever tolkning av retningslinjene. Det er her verdt å sitere side 16 i retningslinjene, der det heiter

«Økonomiske krav omfattes normalt ikke av en revisjon. Det må foreligge helt spesielle hensyn før det kan være aktuelt å pålegge næringsfond og andre økonomiske vilkår i revisjonssaker. Dette gjelder også økonomisk kompensasjon for miljøulemper. Ifølge Ot.prp. nr. 50 (1991-92) s. 114 er behovet for oppjustering av årlige konesjonsavgifter o. a. ivaretatt av lov 3. juni 1983 nr. 51, jf. også lov av 12. juni 1987 nr. 62». (vår understrekning).

Primært vil eg meine at revisjon av konesjonsvilkåret i revisjonssammenheng ikkje bør omtalast som eit «*økonomisk vilkår*» på linje med ilegging/justering av konesjonsavgifter og fondsytelsar. Avståing av konesjonskraft er fyrst og fremst ei naturalyting, som konesjonæren verken skal tape eller tene på å gje frå seg. Dette prinsippet vil ikkje endrast ved at konesjonskraftvilkåret oppdaterast til gjeldande lovbestemming. Revisjon av konesjonskraftvilkår inngår derfor ikkje i det departementet meiner at «*normalt ikke*» skal omfattes av ein revisjon. Subsidiært vil eg meine at sitatet ovanfor kun fastslår at økonomiske krav *normalt* ikkje omfattast av ein revisjon, men uttalinga

medfører ingen rettsleg skranke mot å oppdatere prisvilkåret for konsesjonskraft som ledd i ei revisjonssak.

At revisjon av konsesjonskraftprisbestemmelsen ikkje er utelukka som del av ei revisjonssak blir mellom anna illustrert av saka om Osensjøen frå 1999. Situasjonen var der at det fanst både private og offentlege deleigerar, og dei private eigerane fikk fornya konsesjon. Samstundes vart det foretatt ein revisjon av dei offentlege deleigerane sine vilkår, der departementet avgjorde at vilkåret om konsesjonskraftpris skulle oppdaterast også for dei offentlege deleigerane. Departementet uttalte i den sammenheng at «*det ligger innenfor revisjonsadgangen å la det nye vilkåret om konsesjonskraft gjelde også for de offentlige deltakerne i vurderingen.*»

Den andre delen av grunngjevinga for kvifor me meiner det bør stillast krav om OED pris er at det er søkt om ei auka utnytting av reguleringa med Hol1 Stolsvatn kraftverk. Dette er ei utviding av Hol1 kraftverk og nyttar den same reguleringa. NVE har også uttala at dei ynskjer å sjå revidering av konsesjonsvilkår og søknad om konsesjon for Hol1 Stolsvatn i samanheng.

I ei rekke saker har OED og NVE stadfesta at der revisjon og O/U skjer samstundes er det høve til å oppgradere vilkåret om konsesjonskraft. Det er verdt å vise til revisjon av deler av Skjerkareguleringa, som vart gjennomført samstundes med søknad om riving av Nåvatndammane og auka regulering av Skjerka i 2013. Olje- og energidepartementet skreiv då i brev til advokatfirmaet Lund og Co av 30. mars 2015 at:

Etter departementets oppfatning er det adgang i det enkelte tilfelle etter en helhetsvurdering å ilegge nye økonomiske vilkår når det gjelder kombinerte saker med revisjon og O/U i motsetning til i de saker som kun omfatter vilkårsrevisjon.

Ettersom revisjonen i denne saka skal samkøyrast med O/U, vil eg meine at det i alle tilfelle er høve til å oppdatere vilkåret om konsesjonskraftpris.

Forhold til overordna plan:

*

Miljøkonsekvensar:

*

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

*

Økonomiske konsekvensar:

E-CO har i revisjonsdokumentet sitt kapittel 4.3.5 vist konsekvensar av kommunane sine krav. Som vist i tabell 4.20, side 42 er dei tapte inntektene avgrensa til om lag 1,1 millionar kroner for kommunane samla i tapt eigedomskatt og naturressursskatt..

Eg meiner at med dei endringane som me foreslår i dette dokumentet bør dei økonomiske verknadane bli rimeleg mykje mindre enn vist her. Eg vil tippe at fordelinga vil bli rimeleg lik mellom Ål og Hol av di simuleringa har gitt såpass mykje mindre produksjon i Usta og Nes kraftverk i tillegg til i Holsverka åleine.

Vurdering:

*

Rådmannen si innstilling:

Kommunestyret viser til vedlagt saksutgreiing for drøfting av revisjonsdokument til E-CO.

Ål kommune vil avvise at ein ikkje kan modernisere konsesjonsvilkår opp til dagens standard, men at ein skal avgrense det til høve ein ikkje såg ved konsesjonstidspunktet, eller som har kome til seinare som E-CO hevdar. Ål kommune meiner det ikkje er grunnlag for ei slik avgrensing.

På bakgrunn av revisjonsdokumentet vil kommunen senke sine krav på desse områda:

Magasinrestriksjonar:**Oppfylling:**

Normalt skal alt tilsig, fråtrekt 5% av normaltilsiget frå 15. mai og vatn til minstevassføringar, nyttast til å fylle magasinerna. Det tillatne 5 % av normaltilsiget i perioden skal nyttast på ein slik måte at magasinerna ikkje blir tappa ned i fyllingsperioden.

Flomdemping:

Tilsiget skal nyttast til oppfylling inntil ein er:

-1,5 meter under høgste regulerte vasstand for Stolsvassmagasinet. (1090 m.o.h)

-2 meter under høgste regulerte vasstand for Rødungen (1020 m.o.h)

- 3 meter under høgste regulerte vasstand for Strandavatn (975 m.o.h)

(Rekkefylgja på oppfylling mellom desse magasinerna er som vist over).

- 1,5 meter under høgste regulerte vasstand Bergsjø (1080 m.o.h)

I tilfelle der det er ein erklært turrårssituasjon for Sør- Noreg eller for systemet som heile er oppfyllingskrava ikkje gjeldande. Det blir opp til NVE å lage kriterie for når det er ein turrårssituasjon.

Ein skal ikkje tappe under desse koteane før 01.10.

Bergsjø skal ikkje tappast under kote 1074 før 3. påskedag.

Kommunen sine krav sett fram ved høyringsuttale til Hol1 Stolsvatn kraftverk om mellom anna restriksjonar på bruk av botnmagasin i Stolsvatn og Rødungen , og effektrestriksjonar på køyringa av Hol1 ved utbygging av eit eventuelt Hol1 Stolsvatn kraftverk gjeld framleis.

Utan utbygging av Hol1 Stolsvatn meiner kommunen at botnmagasinet under kote 1085,6 i Stolsvatn berre skal nyttast i eit turrår, enten etter individuell søknad til NVE eller etter fastlagde vilkår for når det er turrår i systemet av NVE.

Med desse senka krava til oppfylling meiner Ål kommune at ein har imøtegått E-CO si grunngeving for å forkaste krava til magasinrestriksjonar, og at det ikkje lengre er grunnlag for innvendingane deira når det gjeld dette. Vi meiner det er tatt nok omsyn til både fleksibilitet, at kraftverket kan yte effektreserve om sommaren, samt utnytte magasinerna ved turrår.

Ål kommune krev at E-CO blir pålagt å simulere verknaden av dei reviderte krava frå kommunen.

Minstevassføring:

Ål kommune krev framleis at det blir ei minstevassføring på 250 liter/sek inn i Vatsfjorden.

Grunngevinga for dette kravet er tilstanden på vatnet inn i Vatsfjorden, sjå utgreiing i saksframlegg..

Me meiner eit slikt lite krav vil sikre eit godt vatnmiljø i Vatsfjorden og gjer eit litt betre miljø i Votna elles. Kravet er likevel ikkje stort nok til å rette opp i dei ulemper som overføringa av vatnet til Hol har ført med seg for Votna lengre ned i vassdraget med avgrensingar for jordbruk, turisme og tap av vassføring elles. Me meiner derfor at kravet derfor ikkje endrar grunnlaget for «Votnakraft», som ligg i dagens konsesjonsreglar. Me meiner at det i utgreiinga er vist at det er behov for minstevassføringa og at kostnaden ved tap av 3,2 GWh produksjon ikkje er tungtvegande nok til å nekte minstevassføringa..

Konsesjonskraft: Kommunen meiner at ein revisjon av konsesjonsvilkår også medfører ein revisjon av vilkår når det gjeld naturalytinga konsesjonskraft opp til dagens standard. Ved nye konsesjonar gjeld at prisen på konsesjonskraft skal fylgje den såkalla OED prisen på representative kraftverk. Kommunen meiner denne prisen må gjerast gjeldande for reguleringa. Kommunen meiner ein har generell rett til dette og at dette spesielt gjeld der det er handsaming av auka utnytting av konsesjonen gjennom eit nytt kraftverk, Hol1 Stolsvatn. Me meiner det er urettferdig å ha ulik pris på naturalytinga konsesjonskraft til to nabokommunar i same regulering.

Båtdrag

Kommunen krev at krava som er stilt om båtdrag i krav om revisjon av 1998 blir gjennomført. Båtdrag vil lette ålmenta sin tilgang til dei regulerte vatna.

Ål, 03.01.2017

Tone Tveito Eidnes
Rådmann

Geir Tretterud
saksbehandlar / dagleg leiar Ål kraftverk

Energiutvalet har behandla saka i møte 09.01.2017 sak 1/17

Behandling

Det kom ingen nye framlegg.

Votering

Rådmannen si innstilling vart samrøystes tilrådd.

Energiutvalet si innstilling:

Kommunestyret viser til vedlagt saksutgreiing for drøfting av revisjonsdokument til E-CO.

Ål kommune vil avvise at ein ikkje kan modernisere konsesjonsvilkår opp til dagens standard, men at ein skal avgrense det til høve ein ikkje såg ved konsesjonstidspunktet, eller som har kome til seinare som E-CO hevdar. Ål kommune meiner det ikkje er grunnlag for ei slik avgrensing.

På bakgrunn av revisjonsdokumentet vil kommunen senke sine krav på desse områda:

Magasinrestriksjonar:

Oppfylling:

Normalt skal alt tilsig, fråtrekt 5% av normaltilsiget frå 15. Mai og vatn til minstevassføringar , nyttast til å fylle magasinerna . Det tillatne 5 % av normaltilsiget i perioden skal nyttast på ein slik måte at magasinerna ikkje blir tappa ned i fyllingsperioden.

Flomdemping:

Tilsiget skal nyttast til oppfylling inntil ein er:

-1,5 meter under høgste regulerte vasstand for Stolsvassmagasinet. (1090 m.o.h)

-2 meter under høgste regulerte vasstand for Rødungen (1020 m.o.h)

- 3 meter under høgste regulerte vasstand for Strandavatn (975 m.o.h)

(Rekkefylgja på oppfylling mellom desse magasinerna er som vist over).

- 1,5 meter under høgste regulerte vasstand Bergsjø (1080 m.o.h)

I tilfelle der det er ein erklært turrårssituasjon for Sør- Noreg eller for systemet som heile er oppfyllingskrava ikkje gjeldande. Det blir opp til NVE å lage kriterie for når det er ein turrårssituasjon.

Ein skal ikkje tappe under desse koteane før 01.10.

Bergsjø skal ikkje tappast under kote 1074 før 3. påskedag.

Kommunen sine krav sett fram ved høyringsuttale til Hol1 Stolsvatn kraftverk om mellom anna restriksjonar på bruk av botnmagasin i Stolsvatn og Rødungen , og effektrestriksjonar på køyringa av Hol1 ved utbygging av eit eventuelt Hol1 Stolsvatn kraftverk gjeld framleis.

Utan utbygging av Hol1 Stolsvatn meiner kommunen at botnmagasinet under kote 1085,6 i Stolsvatn berre skal nyttast i eit turrår, enten etter individuell søknad til NVE eller etter fastlagde vilkår for når det er turrår i systemet av NVE.

Med desse senka krava til oppfylling meiner Ål kommune at ein har imøtegått E-CO si grunngjeving for å forkaste krava til magasinrestriksjonar, og at det ikkje lengre er grunnlag for innvendingane deira når det gjeld dette. Vi meiner det er tatt nok omsyn til både fleksibilitet, at kraftverket kan yte effektreserve om sommaren, samt utnytte magasinerna ved turrår.

Ål kommune krev at E-CO blir pålagt å simulere verknaden av dei reviderte krava frå kommunen.

Minstevassføring:

Ål kommune krev framleis at det blir ei minstevassføring på 250 liter/sek inn i Vatsfjorden.

Grunngjevinga for dette kravet er tilstanden på vatnet inn i Vatsfjorden, sjå utgreiing i saksframlegg..

Me meiner eit slikt lite krav vil sikre eit godt vatnmiljø i Vatsfjorden og gjer eit litt betre miljø i

Votna elles. Kravet er likevel ikkje stort nok til å rette opp i dei ulemper som overføringa av vatnet til Hol har ført med seg for Votna lengre ned i vassdraget med avgrensingar for jordbruk, turisme og tap av vassføring elles. Me meiner derfor at kravet derfor ikkje endrar grunnlaget for «Votnakraft», som ligg i dagens konsesjonsreglar. Me meiner at det i utgreiinga er vist at det er behov for minstevassføringa og at kostnaden ved tap av 3,2 GWh produksjon ikkje er tungtvegande nok til å nekte minstevassføringa..

Konsesjonskraft: Kommunen meiner at ein revisjon av konsesjonsvilkår også medfører ein revisjon av vilkår når det gjeld naturalytinga konsesjonskraft opp til dagens standard. Ved nye konsesjonar gjeld at prisen på konsesjonskraft skal fylgje den såkalla OED prisen på representative kraftverk. Kommunen meiner denne prisen må gjerast gjeldande for reguleringa. Kommunen meiner ein har

generell rett til dette og at dette spesielt gjeld der det er handsaming av auka utnytting av konsesjonen gjennom eit nytt kraftverk, Hol1 Stolsvatn. Me meiner det er urettferdig å ha ulik pris på naturalytinga konsesjonskraft til to nabokommunar i same regulering.

Båtdrag

Kommunen krev at krava som er stilt om båtdrag i krav om revisjon av 1998 blir gjennomført. Båtdrag vil lette ålmenta sin tilgang til dei regulerte vatna.

Kommunestyret har behandla saka i møte 19.01.2017 sak 1/17

Behandling

Saksbehandlar Geir Tretterud orienterte om saka.

Framlegg frå Torleif T. Dalseide (V) om å endre 2. og 3. setning i innstillinga frå energiutvalet til: Ål kommune legg til grunn at det er ein viktig del av revisjonsinstituttet sitt formål å modernisere konsesjonsvilkåra slik at dei blir i samsvar med dagens standard, spesielt med omsyn til miljø. Dette er tydeleggjort i uttaler frå både Stortinget(1992), NVE(brev av 7/1-98) og i OED sin rettleiar for revidering av konsesjonsvilkår.

Votering

Innstillinga frå energiutvalet med endringsframlegget frå Torleif T. Dalseide (V) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kommunestyret viser til vedlagt saksutgreiing for drøfting av revisjonsdokument til E-CO.

Ål kommune legg til grunn at det er ein viktig del av revisjonsinstituttet sitt formål å modernisere konsesjonsvilkåra slik at dei blir i samsvar med dagens standard, spesielt med omsyn til miljø. Dette er tydeleggjort i uttaler frå både Stortinget(1992), NVE(brev av 7/1-98) og i OED sin rettleiar for revidering av konsesjonsvilkår.

På bakgrunn av revisjonsdokumentet vil kommunen senke sine krav på desse områda:

Magasinrestriksjonar:

Oppfylling:

Normalt skal alt tilsig, fråtrekt 5% av normaltilsiget frå 15. Mai og vatn til minstevassføringar , nyttast til å fylla magasinane . Det tillatne 5 % av normaltilsiget i perioden skal nyttast på ein slik måte at magasinane ikkje blir tappa ned i fyllingsperioden.

Flomdemping:

Tilsiget skal nyttast til oppfylling inntil ein er:

- 1,5 meter under høgste regulerte vasstand for Stolsvassmagasinet. (1090 m.o.h)
 - 2 meter under høgste regulerte vasstand for Rødungen (1020 m.o.h)
 - 3 meter under høgaste regulerte vasstand for Strandavatn (975 m.o.h)
- (Rekkefylgja på oppfylling mellom desse magasinane er som vist over).
- 1,5 meter under høgste regulerte vasstand Bergsjø (1080 m.o.h)

I tilfelle der det er ein erklært turrårssituasjon for Sør- Noreg eller for systemet som heile er oppfyllingskrava ikkje gjeldande. Det blir opp til NVE å lage kriterie for når det er ein turrårssituasjon.

Ein skal ikkje tappe under desse kotene før 01.10.

Bergsjø skal ikkje tappast under kote 1074 før 3. påskedag.

Kommunen sine krav sett fram ved høyringsuttale til Hol1 Stolsvatn kraftverk om mellom anna restriksjonar på bruk av botnmagasin i Stolsvatn og Rødungen , og effektrestriksjonar på køyringa av Hol1 ved utbygging av eit eventuelt Hol1 Stolsvatn kraftverk gjeld framleis.

Utan utbygging av Hol1 Stolsvatn meiner kommunen at botnmagasinet under kote 1085,6 i Stolsvatn berre skal nyttast i eit turrår, enten etter individuell søknad til NVE eller etter fastlagde vilkår for når det er turrår i systemet av NVE.

Med desse senka krava til oppfylling meiner Ål kommune at ein har imøtegått E-CO si grunngjeving for å forkaste krava til magasinrestriksjonar, og at det ikkje lengre er grunnlag for innvendingane deira når det gjeld dette. Vi meiner det er tatt nok omsyn til både fleksibilitet, at kraftverket kan yte effektreserve om sommaren, samt utnytte magasinene ved turrår.

Ål kommune krev at E-CO blir pålagt å simulere verknaden av dei reviderte krava frå kommunen.

Minstevassføring:

Ål kommune krev framleis at det blir ei minstevassføring på 250 liter/sek inn i Vatsfjorden. Grunngjevinga for dette kravet er tilstanden på vatnet inn i Vatsfjorden, sjå utgreiing i saksframlegg.. Me meiner eit slikt lite krav vil sikre eit godt vatnmiljø i Vatsfjorden og gjer eit litt betre miljø i Votna elles. Kravet er likevel ikkje stort nok til å rette opp i dei ulemper som overføringa av vatnet til Hol har ført med seg for Votna lengre ned i vassdraget med avgrensingar for jordbruk, turisme og tap av vassføring elles. Me meiner derfor at kravet ikkje endrar grunnlaget for «Votnakraft», som ligg i dagens konsesjonsreglar. Me meiner at det i utgreiinga er vist at det er behov for minstevassføringa og at kostnaden ved tap av 3,2 GWh produksjon ikkje er tungtvegande nok til å nekte minstevassføringa..

Konsesjonskraft: Kommunen meiner at ein revisjon av konsesjonsvilkår også medfører ein revisjon av vilkår når det gjeld naturalytinga konsesjonskraft opp til dagens standard. Ved nye konsesjonar gjeld at prisen på konsesjonskraft skal fylgje den såkalla OED prisen på representative kraftverk. Kommunen meiner denne prisen må gjerast gjeldande for reguleringa. Kommunen meiner ein har generell rett til dette og at dette spesielt gjeld der det er handsaming av auka utnytting av konsesjonen gjennom eit nytt kraftverk, Hol1 Stolsvatn. Me meiner det er urettferdig å ha ulik pris på naturalytinga konsesjonskraft til to nabokommunar i same regulering.

Båtdrag

Kommunen krev at krava som er stilt om båtdrag i krav om revisjon av 1998 blir gjennomført. Båtdrag vil lette ålmenta sin tilgang til dei regulerte vatna.

RETT UTSKRIFT
DATO 20.januar.2017